



Adolf Hovgaard

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/778 - 17/24399

Saksbehandlar:

Kathrine Straumøy Brakstad

kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no

08.12.2017

Referat frå kontaktmøte 06.12.2017

Til stades:

Frå Meland kommune

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen
Organisasjonsrådgjevar Guro Osnes

Frå organisasjonane:

DNLF

Fagforbundet

Naturviterne

NITO

Juristforbundet

Utdanningsforbundet

Jordmorforbundet

Lars Moland

Anita Dale

Berit M. Eskeland

Merethe Tvedt

Erik K. Johannesen

Adolf Hovgaard

Lisbeth Ø. Austgulen

1) Orienteringssaker

a) Gravid og på jobb:

Sjukefråværet blant gravide arbeidstakarar er aukande. I 2009 gjennomførte kommunen prosjektet «gravid og på jobb», og ein vil hente opp igjen element frå dette som ein kan arbeide vidare med. Kommunejordmor og jordmor frå NAV Arbeidslivssenter har også vore involvert i arbeidet, saman med IA-gruppa.

22/1 -18 kl. 9-12 vert det difor fellesopplæring for tenesteområdeleiarar, hovduttillitsvalde og verneombod med tema « gradvid og på jobb». Jordmor Kristin Rykkje frå NAV Arbeidslivssenter skal mellom anna snakke om kollegastøtte, korleis det er å vere gravid i 2017/2018, om tilrettelegging og kva som fungerer.

b) Seniorsamling;

9-10 januar 2018 vert det gjennomført seniorsamling for Nordhordlandskommunane. Frå Meland er det 12 deltakarar.

c) Heiltidskultur:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

I Administrasjonsutvalet 29/11 var det ein sak om korleis vi skal fremje heiltidskultur i pleie og omsorg. Det vart vedtatt ein handlingsplan for heiltidskultur. Denne kan du finne på intranett.

d) Støttekontakt:

Det kom ein dom i Høgsterett i 2016 som klargjer skille mellom kva som er oppdragstakar og kva som er arbeidstakar. Støttekontaktar har vore oppdragstakarar i Meland kommune. Ein konsekvens av dommen er at ein del av støttekontaktane no vert arbeidstakarar. Det har mellom anna vore ei sak i media dei siste vekene om ein støttekontakt i Meland kommune som vart arbeidstakar.

Då dommen har tilbakevirkande kraft arbeider ein no med å rydde i tilsetjingstilhøva til støttekontaktar. Ingen kan ha meir enn 100% stilling i kommunen.

e) Avlastarar:

Det har kome ein ny særavtale for avlastarar som regulerer mellom anna arbeidstid og avlønning. Også her har det vore ein dom i Høgstrerett som har danna grunnlaget for særavtalen.

Ein har frist til 31.12.2017 med å rydde i tilsetjingstilhøva og eventuelt tilbakebetaling. Dette arbeidet er godt i gang.

f) Tiltaksplan for kompetanseutvikling 2018

Alle tenestoområde/stabar skal ha ein tiltaksplan for kompetanseutvikling.

Ny frist for innlevering er 15/12.

g) Budsjett:

Budsjettet skal opp i Kommunestyret 13/12. Framlegget er stort sett likt rådmannen sitt framlegg, med unntak av at Formannskapet har lagt inn 1,5 mill til disposisjon for skulane. Det har også vore diskusjon rundt investeringsbudsjettet når det gjeld ny kyrkje og kommunal barnehage.

h) Alver kommune:

Omstillingsavtalen vart vedtatt i Fellesnemnda 4/12. Anita Dale frå Fagforbundet vert medlem i Omstillingsutvalet.

Den nye rådmannen arbeider no med å setje saman den nye toppleiargruppa, og ønskjer å bruke eksterne aktørar i denne fasen. Størrelsen på toppleiargruppa er ikkje bestemt, men det er ønskjeleg å få denne på plass før påske.

Minner om einkommune.no der ein vil finne all relevant informasjon.

2) Deltaking i intervju

Det har vore stilt spørsmål om kven som skal delta på intervju frå organisasjonane.

Arbeidsgjevar viser då til Arbeidsreglementet § 2.4, som seier at det i hovudsak er medlemmer i tilsetjingsutvalet som skal vere med på intervju, eller evt. andre etter avtale med tilsetjingsutvalet.

Arbeidsgjevar gjer også merksam på at når ein deltar på intervju er ein der som representant for alle organisasjonane og for å sikre at alle kandidatar vert behandla likt.

3) Arbeidsreise

Det vart stilt spørsmål om den rådgjevande tolkningsuttalen frå EFTA-domstolen om reisetid var arbeidstid har innverknad på dei kommunalt tilsette.

Personal- og organisasjonssjef ville undersøkje saka og kome tilbake med svar.

Etter møtet har KS kome med ei uttaling om at denne har ingen direkte betydning for kva som er arbeidstid eller fritid for tilsette i kommunal sektor. Uttalelsen er lagt ved.

4) Fellessamling:

Minner om fellessamling for Hovudtillitsvalde, verneombod og tenesteområdeleiarar på måndag 11/12. Tema vert «Den gode samtaler» v/rådmann Martin W. Kulild og utdeling av lokal nærværpris for 2017.

Samlinga vert avslutta med felles lunsj.

Med helsing

Kathrine Straumøy Brakstad
personalkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Reisetid - Arbeidstid

Kopi til:

Anny Bastesen

Arngunna Haga

Britt Hilde Romarheim

Camilla Smith-Strøm

Eirik Bouwer Utne

Guro Osnes

Hilde Brendehaug Hugaas

Meland

ungdomsskule

Hogne Brunborg

Irene Hystad Hugaas

Kari Anne Iversen

Kjell Ølnes

Magne Lædre

Martin W. Kulild

Per Inge Olsen

Randi Rotevatn Minde

Rolf Inge Fyllingsnes

Tord Moltumyr

Mottakere:

Adolf Hovgaard
Anita Dale
Berit M.Eskeland
Erik Knag Johannesen
Hilde Sæbdal
Kristine Hordvik
Lars Moland
Lisbeth Øren Austgulen
Marianne Bratshaug
Merethe Tvedt